



# Kyrkjeblad

FOR ÅSKVOLL

Nr. 2 | HAUST | 2018 | 95. ÅRG.



# VELSIGNINGA

Det var på ei av dei siste gudstenestene før ferien. Eg var litt trøytt etter travle dagar, og såg vel fram mot sommar og fri. På slutten av gudstenesta, veit vi det er slik at presten seier fram: «Lat oss prisa Herren», og kyrkjelyden svarar «Gud, vere lova, halleluja, halleluja, halleluja». På denne gudstenesta var vi komne så langt, men så vart det brått stilt. Eg såg opp på galleriet, der kyrkjetenar og organist var, og venta på dei ni slaga, men det vart heilt stilt! Dei såg rådville ut, og eg og var det. Litt «pinleg» stille var det. Då kviskra klokkaren til meg: «Du skal seie noko». Å ja, då skjønnte eg det. Eg skulle jo lyse velsigninga. Det hadde eg gløymt!! Det har aldri skjedd før i mine 35 år som prest. Etterpå kunne vi jo le litt av det heile, men for meg vart det ei påminning om kor viktig velsigninga er. Det er gamle ord, som står i 4. Mos. 6,22-27, men som har vist sin slitestyrke: **Herrens velsigning**

*«22 Herren sa til Moses: 23 Tal til Aron og sønene hans og sei: Slik skal de velsigna israelittane. De skal seia til dei: 24 Herren velsigne deg og vare deg! 25 Herren la sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig! 26 Herren lyfte sitt andlet mot deg og gje deg fred! 27 Dei skal setja mitt namn på israelittane, og eg vil velsigna dei.»*

I denne samanhangen står velsiginga. Herren slutta pakt med Israel på Sinai, folket forplikta seg til å halde lova, og Herren ville velsigne dei. Å bryte pakta førte derimot til det motsette. I det Nye testamente ser vi så at Jesus er den som oppfyller lova i vår stad, for ingen av oss kan halde den fullt ut. Velsigninga er då den frelsa sin nåde, den kjærleikens rikdom som med Jesus strøymar ned frå Far i himmelen. Velsigninga er djupast sett eit livsfelleskap med Gud, som vi igjen og igjen er avhengig av. Vi treng å ta imot, bli minna om og leve i den velsigninga Jesus kom til oss med. Den inneheld fred med Gud, på grunn av det Jesu verk førte med seg då han døydde for oss på krossen. Då tok han syndene våre på seg, og oppstoda er Guds « stempel» på at det verket er nok for Gud. Når vi får stå i hans «åsyns lys», kjem alt det gode frå Gud oss i møte. Difor er velsigninga så uendeleg innhaldsrik, og viktig ikkje å gløyme!

Ja, egentleg var det litt rart eg skulle gløyme den. I løpet av dei siste månadane, har dette med velsigning oppteke meg ein god del. Ein tur til retreatsenteret Ffald y Brenin på vestkysten av Wales i november i fjor, saman med gode vener, gav ny inspirasjon til dette. «The way of Blessing»- «Velsigninga sin veg», heiter boka som leiaren der, Roy Godwin har skrive, og som har fått mykje merksemd. Den inneheld fine vitnemål om kva dette med Guds velsigning kan bety inn i menneske sitt liv. Det er så mange som har høyrte negative ord, opplevd det motsette av å bli velsigna. Det er så mange brotne relasjonar i verda vår. Gud ønskjer å lækje, gje det beste, komme med kjærleik, velsigning og fred inn i liva våre! Under Guds velsigning er aldri «løpet kjørt» for nokon av oss. Å rettleie og velsigne er oppgåva gudstenesta har, og egentleg all verksemd i den kristne kyrkja. Måtte me be om Guds velsigning over kyrkjelydane våre, over kvarandre, og over våre bygder og byar. Med ønskje om Guds velsigning over deg!

**Audun Systad**



## Litt om meg sjølv:

Audun Systad (f. 1956) på Åfjorddalen i Hyllestad. Gjekk på Balestrand statsrealskule og Voss gymnas. Har vore feltprest på Heistadmoen ved Kongsberg, sokneprest i Jostedal (med bustad Gaupne), vore kyrkjelydsprest i Fjell og no sist sokne-prest i Balestrand i 16 år. Flytta i juni 2015 til Sørbovåg og vart sokneprest i Hyllestad, med noko teneste i Gulen. Bur no i eige husvære, som er barndomsheimen til kona mi, Kari. Frå hausten 2017 gjer eg einskildtenester i Fjaler og Askvoll, i tillegg til soknepresttenesta i Hyllestad. Har til no hatt mange fine møte med dykk i desse to prestegjelda, og ser fram til vidare samarbeid!

# Dugnad på Askvoll kyrkjegard

I flere år har Askvoll kyrkjelydsutval hatt vårrydding på Askvoll kyrkjegard. Dette arbeidet har vore utført før den fastsette konfirmasjonsdagen i Askvoll kyrkje og sjølv sagt før 17. mai.

I år hadde vi informasjon om dugnadsdagen i kyrkjebladet (nr. 1 for 2018), plakat på Coop-butikken og elles via «jungeltelegrafan». Den fastsette dugnadsdagen – mandag 30. april kl. 18. – var det sol, tørt og fint arbeidsvær, så arbeidsforholda var dei aller beste. Det var difor kjekt å sjå at så mange møtte opp – utstyrt med hageredskap og kaffimat – for å vere med på dugnaden.

**Kyrkjelydsutvalet vil rette ei STOR TAKK TIL DUGNADSGJENGEN.**



Arne, Stein Hugo, Torun, Reidun, Aud, Ingvild S., Sidsel, Kari, Arvid, Oddgeir og Ingvild L. på kyrkjetrappa – ei koseleg stund med kaffi, lappar og vaflar! STOR TAKK til fotografen Audun Høvik som også var med på dugnaden.



Aud fjernar råtegras i heggen på den nye kyrkjegarden.



Sidsel, Arvid, Kari og Torun får bort all løvetannen.



Arne, Stein Hugo og Oddgeir. Bålbrenning av rusk og rask ved elva.



# KONFIRMANTANE



## ASKVOLL KYRKJE 6. MAI

Bak frå venstre: Sivert Ask Torsheim, Sindre Wik Tønder, Even Risøy Loftheim. Framme frå venstre: Nathalie Madsen, Marita Ringstad Olset. Prest: Stein Hugo Fykse. Foto: Marit Veberg Ask.



## BULANDET KAPELL 19. MAI

Bak frå venstre: Aleksander Strømsnes Norstrand, Fredrik Bjørge Rysjedal, Daniel Fedøy Norheim. Framme frå venstre: Tonje Halsøy, Ida Norheim. Prest: Stein Hugo Fykse. Foto: Randi Fedøy Norheim.



## VÆRLANDET KAPELL 19. MAI

Bak frå venstre: Nicolas Svein A. Halvorsen, Anita Landøy. Framme frå venstre: Ingvill Oddekalv, Asle Nybø, Maja Solveig Hellevang. Prest: Stein Hugo Fykse. Foto: Olga Sunniva Hellevang.

# i Askvoll 2018



## VILNES KYRKJE 12. MAI

Bak frå venstre: Ellen Iren Johnsen, Henrik-Elias Solheim Grane, William Kjørvik Vilnes, Rebekka Høyvik. Prest: Stein Hugo Fykse. Foto: Heidi Beate Solheim Grane.



## STONGFJORDEN KAPELL 20. MAI

Emilie Stang. Prest: Stein Hugo Fykse. Foto: Kari Larsen Stang.



## HOLMEDAL KYRKJE 29. APRIL

Frå venstre: Odd Asle Toft Tveit, Martin England, Sigrid Hoddevik Losnegård, Frida Herland. Prest: Erling Nydal. Foto: Kari Skrede.



## KVAMMEN KAPELL 20. MAI

Frå venstre: Arne Erling Gjelsvik, Rebekka Valvik, Øyvind Mandelid. Prest: Stein Hugo Fykse. Foto: Anne Marie Mandelid.

## Fargelegg!

Teikning: Trevor Keen



## Finn namn på åtte planetar!

Namna på dei åtte planetane i solsystemet vårt er gøymde i rutenettet under. Dei står bortover og nedover. Klarar du å finne alle saman?

R	O	T	T	A	K	J
L	A	V	U	R	J	O
I	M	E	R	K	U	R
M	A	N	A	N	P	D
B	R	U	N	E	I	E
O	S	S	U	P	T	N
M	O	M	S	T	E	K
B	S	A	T	U	R	N
A	B	B	A	N	U	R

## Finn 5 feil

Teikning: Trevor Keen

David var ein gjetargut som blei konge i Israel. Han laga mange songar om Gud. Dei står i Bibelen. Dei to bileta er nesten like. Finn du de fem feila på biletet under?



## Gje barnebladet BARNAS til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill  
abonnement

på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no)  
eller **22 08 71 00**



## Vitsar

Eit egg fekk  
sjå seg sjølv i eit speil.  
– Å nei, eg har blitt eit  
speilegg!

Bestemor tykte  
vesle Jenny hadde så vakkert smil:  
– Tennene dine er som eit perlekjede:  
Kvite perler tett i tett.  
Vesle Jenny ville seie noko fint tilbake.  
– Tennene dine er som stjerner, bestemor:  
Gule og langt frå kvarandre.



# GUDS KJÆRLEIK og cruise på Oslofjorden

I juni var vi, kona mi og underteikna, på «Glad-Sang» på Hermon Høyfjellshotell for tredje gang. Flott plass, flott natur og vær, flott opplegg og farleg god mat! Heldigvis var det lagt opp organiserte fjellturar kvar dag og som vi to var med på. Dei hardaste var omtrent som å gå på fjellet «Dokka» her i Holmedal.

På eit av dei tre daglege møta var det ein av deltakarane på «Glad-Sang» som kom fram på podiet og fortalde det eg gjengjev under, her sett om til nynorsk:

«Eg var beden med på eit cruise på Oslofjorden. Båten var ei ombygd Collin Archer-skøyte, og eigaren, ein velståande reiar, hadde fått skrudd fast bord og benkar langs rekka framme på dekket. No var ein del av oss som arbeidde i reiarlaget invitert med på båttur. Midtjords kom det ein båt bort til skøyta med catering-mat, – herleg! Alt var gratis for oss tilsette, også drikkevarene... Og då er det gjerne slik at når nordmenn får gratis drikke, så tek dei rikeleg til seg. På tur ut fjorden steig stemninga merkbart etter som nivåa i glasa minka.

Ute i fjorden såg vi ei seglskute som kryssa imot oss. Oppe i seglet stod det med godt leselege bokstavar «Joh. 3.16» Tilfellet ville at eg sat ved bordet rett andsynes reiar og eigar av denne Colin Archer-skøyta. No spurde han om nokon visste kva dette «Joh. 3.16» tydde? Han hadde sett denne forkortinga fleire gongar før utan å skjønne kva meininga var. Eg sa då til han at eg visste kva dette tydde, og at det var ei bibeltilvising. «Ja, då må du fortelje meg det!» sa han. Eg fortalde han meininga med forkortinga, og dei andre om bord hørte kva eg sa: «*For så elska Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv.*»

Etter kvart kom den møtande seglskuta nærare, og vi såg at det stod med mindre skrift under den nemnde tilvisinga: «... di einaste redning!» Og då den møtande seglskuta kom endå nærmare, såg og hørte vi eit ungdomskor om bord som song songen: «*Si, kjenner du det skjøne Jesusnavnet som til frelse Gud oss gav? Det pris nå synges over hele verden, over alle land og hav. Navnet over alle navn er Jesus, det stråler med en himmels glans. For intet annet navn kan gi oss frelse, intet annet navn enn hans.*»

Då såg eg at fleire av passasjerane om bord snudde seg mot rekka og tømde innhaldet i glasa sine på sjøen.»

Ja, slik kan det gå, – for nokre. Plutseleg slo noko av krafta i Guds-ordet inn over menneska.

Om lag ei veke etter Hermon-opphaldet sat vi på gudsteneste i Holmedal kyrkje og song til slutning Jakob Sande sin salme på nr. 896. Kanskje fekk han inspirasjon til ein tekst av noko han «såg» i «segla»? Første halvdel av første verset lyd slik: «*Kvar gong Jesu namn eg nemner ser eg kvite segl mot sky. Høgt velsigna skuta stemner mot Jerusalem, det ny.*» Og siste halvdel av siste verset går slik: «*Rolling home, rolling home, heim frå sjø og stride stormar, mønstre av til evig landlov, mønstre av frå naud og trong.*»

Vi har vel alle møtt litt eller mykje av dette «naud og trong», - også Sande hadde sin rikeleg mon å stri med, men i møte med Bibel-ordet kan vi alle, dagleg, «*kvar gong Jesu namn eg nemner*», få tilgjeving og løyve til å «tømme glassa våre, med litt ulikt innhald, på sjøen».

Og så, ein gong, kan vi få «*mønstre av til evig landlov*» i eit land «*utan naud og trong*» og der få møte ein tilgjevande Gud som berre vil oss vel.



# Lovsangshjemmet utvider

*– Vi er ikke alene, vi har det grønne huset. Det er ikke stort, men det er fylt med kjærlighet og varme, sang barna ved Lovsangshjemmet da det nye klasserommet ble innviet rett før påske.*

Og ambassaderåd Vegard Holmelid ved den norske ambassaden i Bangkok fortsatte: – Lovsangshjemmet barnehage gir håp, trygghet, omsorg og muligheter til barna i Klong Toey-slummen. Gratulerer med dagen! Holmelid var en av mange som hilste ved åpningen av det nye klasserommet. Før det formelle programmet tok til, hadde allerede Immanuel musikkskole gledet forsamlingen med klassisk musikk. Mange av musikantene har vokst opp i slummen.

## **Hilsen fra landsbyen**

I den store Klong Toey-slummen bor det flere hundre tusen mennesker. Området er delt opp i mindre områder/landsbyer med lokale ledere. En av de som fikk komme med en hilsen var fru Pao. Hun var leder i det lokale området da Lovsangshjemmet ble planlagt og kjøpt. – Jeg husker at pastor Amnuay (den gangen pastor i Immanuel lutherske kirke – nå fung. biskop), misjonær Dag Johannessen og jeg gikk rundt for ca. 19-20 år siden for å finne en tomt som egnet seg til formålet. Jeg var glad for at Immanuel-menigheten ønsket å etablere seg midt i Klong Toey-slummen for å hjelpe familiene her, sa hun.

Nåværende leder for området, mr. Pragon, snakket i sin hilsen om det gode samarbeidet mellom områdets styre og Lovsangshjemmet. – Jeg er svært takknemlig for alt det gode arbeidet som Lovsangshjemmet gjør for barn og unge i området, og jeg lover å fortsette å hjelpe til dersom Lovsangshjemmet trenger hjelp. Jeg takker Gud og alle støttespillere som gjør at arbeidet kan drives til beste for de minste, sa han.

## **Samarbeid med internasjonale skoler**

Representanter fra to internasjonale skoler var til stede. Begge representantene takket for muligheten til å bidra med kunnskaps- og erfaringsdeling. – Fra Bangkok Patana School har Lovsangshjemmet fått flotte møbler og råd og hjelp i forbindelse med innredningen slik at barnehagen skal ha et godt og pedagogisk lekemiljø. Barnehagene jobber nå etter en metode som heter "selvstendig læring", som er den samme som Patana bruker i sin barnehage/skole. Den går kort ut på at barna skal ta ansvar for egen læring og bli mer selvstendige. Veldig mye læring er integrert i leken, som matte- og leseforberedende aktiviteter. Lærere i kirkens barnehager har sammen med barna vært på besøk på Patana, og lærere på Patana har hatt opplæring av våre lærere, forteller misjonær Anne Storstein Haug som var med å starte Lovsangshjemmet. I dag er hun rådgiver for kirkens diakoniavdeling.

**Tekst: Anne Storstein Haug og Eivind Hauglid. Foto: Tina Liland Heller.**





En gruppe fra Immanuel musikk-skole spiller før den offisielle åpningen.



Lansbyleder Pragon hilser til forsamlingen og blir tolket av misjonær Anne Storstein Haug.



Fung. Biskop Amnuay Yotwong, landsbyleder Pragon og Reidun Reve (representant for støttespillere) klipper snoren.

## FAKTA:

NMS har vært hovedsponsor for Lovsangshjemmets barnehage siden starten i 2002. Det var Immanuel kirke som i sin tid kjøpte bygningen. Misjonær Anne Storstein Haug fikk som fersk misjonær i oppdrag å starte en småbarnsbarnehage i bygget. Bygget hadde tidligere blitt brukt både som politistasjon og narkotikafabrikk.

En undersøkelse i nabolaget viste at det største behovet var et sted å være for de minste barna. Fru Namkang, som fortsatt jobber som husmor på Lovsangshjemmet, var sammen med Anne helt fra starten. De startet opp med tre barn, men da folk i nabolaget ble kjent med og fikk tillit til de som jobbet der, begynte flere barn å komme. Etter få år var det ventelister for å få plass. Anne Storstein Haug var daglig ledet fram til 2006, og fortsatte som veileder da fru Sao overtok som daglig leder. I 2014 overtok Margrethe Reve Brandsæter som veileder. Margrete er i dag pendlermisjonær. Inntil nylig var det barn i alderen seks måneder til ca. tre år som fikk plass på Lovsangshjemmet, men etter en evaluering i 2016, ble det bestemt at tilbudet skulle utvides til fire år. Da har barna mulighet til å gå på offentlige barnehagetilbud. På grunn av denne utvidelsen var det behov for et ekstra klasserom. Gjennom hjemmebesøk ble det også oppdaget at mange av de små barna enten var hjemme alene, eller ble passet på av søsken som bare var et par år eldre. Bygget er ca. 100 m<sup>2</sup> stort fordelt på to etasjer. Tomt og bygg har kostet ca. 350 000 kroner.



*Salg, montering og service av varmepumper*

Ole Andreas Myrstad

[www.comfortservice.no](http://www.comfortservice.no)

Tlf. 906 32 818

**Panasonic**  
ideas for life



**MITSUBISHI  
ELECTRIC**



# Sunnfjord Gravferdsbyrå

*Vi vil på beste måte hjelpe dere som pårørende,  
med alt som hører ei verdig gravferd til.*



Blomstertorget A/S · Dale Senter · 6963 Dale i Sunnfjord  
Telefon 57 73 98 00 · Mobil 975 21 569 · Telefaks 57 73 98 01

# Fjordane

BEGRAVELSESBYRÅ

- ditt byrå i Fjordane

Vi har samarbeid med Lailas Blomster

For meir informasjon sjå vår heimeside

[www.fjordan.no](http://www.fjordan.no)

epost: [post@fjordan.no](mailto:post@fjordan.no)

Lindbøen 2      6809 Førde


Markegt. 42      6900 Florø

Lailas Blomster

Vakttelefon 57 82 70 30

Vakttelefon 57 74 31 36

Telefon      57 73 02 95



*Vi er din lokale fagbutikk i kommunen  
som leverer alt av blommar  
i anledning gravferd:*



- *Kistedekorasjon*
- *Hjerte*
- *Kors*
- *Krans*
- *Bårebukett m.m.*



*Vi er og forhandler av gravminne, gravering og rens av stein.*

# MITT ETIOPIA – FØR OG NÅ

## Noen refleksjoner av Liv hushagen



*Jeri med «oldemor» Liv på tur.*

begge var fastboende i Hawasssa på Tabor Evangelical College, der jeg også underviste fra 2003 til 2008. Misjonærflokken i dag teller 20 voksne og bare 12 barn!

Keiserdømmet tok slutt i 1974, kommunistene overtok fram til 1991 og i dag er landet en føderal, demokratisk republikk. Landet har utrolig mange utfordringer og det er store forventninger til den nye statsministeren, dr. Abiy Ahmed, som ble innsatt nå i vår, og som allerede har vist seg som en handlingens mann. Et etnisk mangfold og 100 millioner innbyggere der majoriteten er barn og ungdom gjør oppgaven hans særdeles vanskelig.

I forbindelse med norsk og etiopisk påske (vår norske var en uke før den etiopiske i år), fikk jeg en flott rundtur på feltet vårt der jeg var innom mange misjonsstasjoner, bl.a. de tre som jeg tidligere hadde arbeidet på. Det var oppmuntrende! Jeg gikk i sannhet ikke på gjengrodde stier! Selv om ingen av disse misjonsstasjonene lenger hadde noen misjonærer der, var arbeidet høyst oppegående og kirkens arbeid i stadig vekst. Det evangeliske arbeidet har hatt stor framgang og overalt er det nye kirker, - og fullsatte kirker. Mekane Yesus-kirken som vi arbeider tett sammen med, er med sine 9 mill. medlemmer verdens største lutherske kirkesamfunn og er en av verdens raskest voksende kirker.

Før hadde de fleste misjonsstasjoner både kirke, skole og klinikk. I dag har staten et utstrakt skole- og helsearbeid selv, som gjør at det ikke er behov for de to sistnevnte slik som før. Noen av dagens misjonærer er involvert i helsearbeid relatert til "Reducing Maternal Mortality" og får gi livgivende hjelp til mødre og barn. Noen er involvert i høyere utdanning, andre står i evangelisk arbeid i unådde områder.

Det er gått 44 år siden jeg første gang dro til Etiopia som utsending for NLM. Den gangen var vi en stor misjonærflokk på rundt 200, pluss like mange barn.

Vi var spredt rundt på tjue misjonsstasjoner i Sør Etiopia, i tillegg til de som var i administrasjonen i Addis Abeba, den norske skolen og det teologiske fakultetet der. Landet hadde til dette året blitt styrt av keiser Haile Sellasie og hadde ca. 30 millioner innbyggere fordelt på 90 forskjellige stammer og språkgrupper.

I mars i år fikk jeg som pensjonist og syttiåring dra tilbake som volontør/vikarlærer på den desentraliserte norske skolen i Hawassa, administrasjonsbyen for regionen i sør. Det ble to og en halv måneds undervisning for tre norske barn fra to familier som



*Liv på motorsykkeltur i 1976.*



*Nye veier i Hagere Mariam.*

Før tok det lang tid å forflytte seg rundt på feltet vårt, på til dels dårlige veier. I dag satser Etiopia på veibygging og det er helt utrolig å suse av gårde på flotte, breie asfaltveier med krabbefelt etc. Inn til alle byer og inne i byene er det midtrabatter med vakker beplantning og to felt i hver kjøreretning. Det var nesten stusslig å komme hjem til gamlelandet og se at Olsetveien enda ikke hadde fått ny asfalt engang.

Trafikken er et kapittel for seg selv! I 1976 var jeg en av få, om ikke den eneste, i Hagere Mariam som var den lykkelige eier av en motorsykkel! På vei gjennom H.M.by nå var det knapt framkommelig pga alle motorsyklene med både tre og fire passasjerer – alle uten hjelm.

Min første arbeidsoppgave i Etiopia var å være mor og leder for et barnehjem med 30 barn. Det er nå nedlagt, men barna, som nå er voksne forlenget, har jeg fremdeles mye kontakt med. Målet for rundturen på feltet var å nå Teltelli der vi skulle prøve å finne faren og andre slektninger til ei 14 år gammel jente som er barnebarnet til en av mine jenter fra barneheimen. Hun bor nå hos ei fostermor, tidligere barnehjemsjente som er bibliotekar på Tabor Ev. College i Hawassa, fordi hennes biologiske mor ikke lenger er i stand til å ta vare på henne grunnet psykisk sykdom. Iyerusalem heter hun, populært kalt Jeri, nå akkurat ferdig med 8.klasse. Hun strålte i møte med både faren, farmoren, en halvbror, onkler og tanter, ingen av dem hadde hun sett før! Nå hadde hun fått en stor familie, og så hvem hun lignet på! Nå går hun til konfirmasjonsundervisning i Hawassa. Læreren er Meskerem, en av elevene mine fra førskolelærerutdanningen på Tabor. Hun ble sponset av stipendpenger gitt av misjonsprosjektet som menighetene i Askvoll hadde da jeg jobbet der.

Turen til Teltelli, samt andre hjelpeprosjekt, ble betalt av bursdagspenger fra 70-årsdagen min, så det var godt anvendte penger! Det var kjekt å være lærer igjen og kjenne at de små grå fungerte. Men det var kanskje enda kjekkere å møte igjen "storfamilien" min, dele gleder – og sorg-er, og kjenne på fellesskapet med mine brødre og søstre. Som det står i Gal.3,28: "Her er ikke jøde eller greker, her er ikke slave eller fri, her er ikke mann eller kvinne. Dere er alle en i Kristus Jesus".



*Jeri sitt første møte med sin biologiske far, Wobseth.*

# Velkommen til gudsteneste



## ASKVOLL KYRKJE

**09. september kl. 11.00**  
ved Stein Hugo Fykse.

**07. oktober kl. 11.00**  
ved Stein Hugo Fykse.

**28. oktober kl. 11.00**  
ved Stein Hugo Fykse.

**11. november kl. 19.00**  
ved Stein Hugo Fykse.

**02. desember kl. 18.00**  
ved Stein Hugo Fykse.

**24. desember kl. 16.00**  
ved Stein Hugo Fykse.

**31. desember kl. 16.00**  
ved Stein Hugo Fykse.  
Minnegudsteneste.

## VÆRLANDET KAPELL

**09. september kl. 10.30**

**28. oktober kl. 10.30**

**16. desember kl. 17.00**

Sjå oppdaterte  
gudstenestelister på:  
[askvoll.kyrkja.no](http://askvoll.kyrkja.no)



## HOLMEDAL KYRKJE

**02. september kl. 11.00**  
ved Stein Hugo Fykse.

**14. oktober kl. 11.00**  
ved Stein Hugo Fykse.

**04. november kl. 11.00**  
ved Stein Hugo Fykse.

**09. desember kl. 15.00**  
ved Audun Systad.

**24. desember kl. 14.00**  
ved Stein Hugo Fykse.

**01. januar kl. 17.00**  
ved Stein Hugo Fykse.



## KVAMMEN KAPELL

**16. september kl. 11.00**  
ved Audun Systad.

**14. oktober kl. 19.00**  
ved Stein Hugo Fykse.

**11. november kl. 11.00**  
ved Stein Hugo Fykse.

**24. desember kl. 16.00**  
ved vikarprest.



## BULANDET KAPELL

**30. september kl. 11.00**  
ved Stein Hugo Fykse.

**21. oktober kl. 16.00**  
ved Audun Systad.

**25. november kl. 11.00**  
ved Stein Hugo Fykse.

**25. desember kl. 12.00**  
ved Stein Hugo Fykse.



## VILNES KYRKJE

**23. september kl. 11.00**  
ved Stein Hugo Fykse.

**28. oktober kl. 19.00**  
ved Stein Hugo Fykse.

**18. november kl. 19.00**  
ved Audun Systad.

**02. desember kl. 15.00**  
ved Stein Hugo Fykse.

**24. desember kl. 12.00**  
ved Stein Hugo Fykse.

TRENG DU NOKON Å  
SNAKKE MED?

Nokre som ringer tenkjer på å ta sitt eige  
liv, andre er usikre, einsame eller redde.  
Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)

**SOS**  
22 40 00 40

**SOS**  
CHAT

**SOS**  
MELDING

 **KIRKENS  
SOS**

# Kyrkjelege handlingar



## DØYPTE

### ASKVOLL KYRKJE

01. april Hanna Jensine Høydal Knutsen  
15. april Lea Langeland Hegrenes  
10. juni Ida Emilie Enstad Lerheim  
10. juni Noah Leander Enstad Frøholm  
10. juni Henrik Fristad Haaland  
01. juli Oskar Viken Ask

### VILNES KYRKJE

01. april Oskar Stølen

### HOLMEDAL KYRKJE

30. mars Live Tveit Sagosen

### BULANDET KAPELL

22. april Mali Ernstsens Hillersøy  
29. juli Maron Breki Fedøy

### KVAMMEN KAPELL

20. mai Matias Aalen  
17. juni Mia Unemo



## VIGDE

### ASKVOLL KYRKJE

19. mai Ann Kristin Nes og Jan Kjøsnes

### HOLMEDAL KYRKJE

28. juli Marit Nygaard Åsnes og  
Svante Tømmerbakke

### BULANDET KAPELL

21. april Kathrin Grepstad Kjæmpenes og  
Trond Kjæmpenes



## GRAVLAGDE

### ASKVOLL

21. mars Dagny Klokkernes f. 1923  
22. mars Lucie Secilie Strømmen f. 1923  
23. mars Jofrid Maria Kristiansen f. 1923  
05. april Magne Thuland f. 1940  
26. april Joveig Signe Nordeide f. 1946  
02. mai Alvar Arne Tryti f. 1936  
11. mai Reidun Margrethe Olset f. 1938  
14. juni Else Øvrebotten Osland f. 1932  
06. juli Vidar Johan Flaten f. 1943  
12. juli Audun Hersvik f. 1934  
27. juli Magnhild Rogne f. 1926

### HOLMEDAL

06. april Jarl Jostein Iversen f. 1937  
04. april Elsa Arny Helle f. 1936  
29. mai Magne Johannes Selvik f. 1941  
08. juni Gerd Strømmen f. 1933  
13. juli Dag Arne Helle f. 1963

### VILNES

01. august Perh Perhland f. 1938  
02. august Per-Roger Herland f. 1953  
03. august Gunborg Lovise Landøy f. 1947

### GJELSVIK

27. mars Anne Grete Grytten f. 1955  
15. mai Oddlaug Bjørndal f. 1915  
26. juni Solveig Magnhild Osland f. 1926


### BULANDET

12. april Matias Arnfinn Kjæmpenes f. 1937  
20. april Konstane Tysse f. 1927  
03. mai David Gunnar Fedøy f. 1956  
09. mai Anders Nikøy f. 1931  
25. mai Herborg Aslaug Karlsen f. 1936

### STONGFJORDEN

27. april Sølvi Mjåset f. 1936  
04. mai John Øvrebø f. 1928

Vi beklagar feil under gravlagde i førre kyrkjelydsblad:  
Klara Nybø er gravlagd i Værlandet – ikkje i Bulandet som tidligare kunngjort.



## Utdeling av 4 og 6-års bok

4-årsboka og 6-årsboka vert delt ut i same gudstenesta.

Alle 4-åringane og 6-åringane i Askvoll sokn blir invitert til ei gudsteneste for å motta kyrkjeboka. I gudstenesta får borna høyre ei forteljing frå Jesu liv.

Saman med boka er det eit arbeidshefte med spennande oppgaver.

**BØKENE BLIR DELT UT DESSE DATOANE OG STADANE:**

Holmedal kyrkje	02. september kl. 11.00
Askvoll kyrkje	09. september kl. 11.00
Kvammen kapell	16. september kl. 11.00
Vilnes kyrkje	23. september kl. 11.00
Bulandet kapell	30. september kl. 11.00

*Håpar du kjem for å få boka!*

Invitasjonsbrev blir sendt ut.



No kan du betale for kyrkjebladet på sms

Send **BLAD**  
på sms til **2380**

(200 kr.)



DEN NORSKE KYRKJA  
Askvoll

### KONTAKT OSS



RUNE ZIENER  
Dagleg leiar/kyrkjeverja

☎ 479 63 319  
✉ [kyrkjeverja@askvoll.kyrkja.no](mailto:kyrkjeverja@askvoll.kyrkja.no)



MARIT VEBERG ASK  
Kyrkjesekretær

☎ 918 74 724  
✉ [kyrkjesekret@askvoll.kyrkja.no](mailto:kyrkjesekret@askvoll.kyrkja.no)



STEIN HUGO FYKSE  
Sokneprest

☎ 909 60 154  
✉ [sokneprest@askvoll.kyrkja.no](mailto:sokneprest@askvoll.kyrkja.no)



MALGORZATA ANNA TVEIT  
ORGANIST

☎ 951 84 429  
✉ [organist@askvoll.kyrkja.no](mailto:organist@askvoll.kyrkja.no)



INGVILD LOFTHEIM  
Prosjektmedarbeidar

☎ 459 72 419  
✉ [konsulent@askvoll.kyrkja.no](mailto:konsulent@askvoll.kyrkja.no)

### ASKVOLL KYRKJEKONTOR

Postboks 14, 6988 Askvoll  
Telefon: 918 74 724 · e-post: [post@askvoll.kyrkja.no](mailto:post@askvoll.kyrkja.no)  
Heimeside: [www.askvoll.kyrkja.no](http://www.askvoll.kyrkja.no)  
Facebook: [www.facebook.com/kyrkjaiaskvoll](https://www.facebook.com/kyrkjaiaskvoll)



**Kontortid:** Tysdag til torsdag kl. 09.00 – 15.00 Fredag kl.: 10.00 – 14.00

**Kyrkjebladredaksjonen:** Rune Ziener (ans. red.), Stein Hugo Fykse, Marit Veberg Ask.

**Leiar Askvoll sokneråd:** Jostein Gryte, tlf. 909 38 382